



LINDÅS KOMMUNE
Interne stabstenester

Melding om vedtak

Det kongelige kommunal og regionaldep.
Kommunalavd.

Postb. 8112 Dep.
0032 Oslo

Dykkar ref.

Vår ref.
2008/34 - 1477/2008

Inger- Marie Nordland

Arkivkode
230


Dato
21.01.2008

Høyringsuttale: Inntektssystemet for kommunane (Sørheimutvalet)

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak.

Namn på sakshandsamar går fram av vedlagte sak. Ved eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast via kommunen sitt sentralbord.

Med helsing



Inger- Marie Nordland
administrasjonssekretær



Uttalssak nr.	Uttal	Møtedato
6/08	Formannskapet	17.01.2008

Høyringsuttale: Inntektssystemet for kommunane (Sørheimutvalet)

Saksdokument ikkje vedlagt:

Brev frå Kommunal- og regionaldepartementet
Rapport frå Kommunal- og regionaldepartementet (Sørheimutvalet)

Saksutgreiing:

Sørheimutvalet vart nedsett i desember 2006. Utvalet leverte sin rapport *Forslag til forbedring av overføringssystemet* for kommunene den 26. oktober 2007. Høyringsfrist er sett til 28. januar 2008. Fullstendig rapport er tilgjengeleg på <http://www.regjeringen.no/nb/dep/krd/dok/hoeringer/hoeringsdok/2007/Horing---Sorheimsutvalget---Inntektssyst.html?id=487103>

Rådmannen finn det naturleg at Lindås kommunen gjev ein høyringsuttale – og at denne vert lagt fram for formannskapet før denne vert sendt til Kommunal- og regionaldepartementet.

Utvalet har hatt til mandat å vurdere

- skatten sin del av kommunane sine inntekter
- nivå på og utforminga av inntektsutjevninga
- selskapsskatten som kommunal skatt
- regionalpolitiske begrunna tilskot som del av inntektssystemet
- behovet for eigen tilskot til vekst- og fråflyttingskommunar
- storleiken på skjønssramma innanfor inntektssystemet
- ordninga med oppdatering av folketal i utgiftsutjevninga
- behovet for overgangsordningar i inntektssystemet

Utvalet rår til at skatteinntektene også i framtida skal utgjera om lag 50 % av kommunane sine samla inntekter. Fleirtalet i utvalet legg til grunn at sjølv inntektsutjevningsmodellen med ei symmetrisk utjevning i bunnen og ein tilleggskompensasjon til kommunar med låge skatteinntekter er oversiktleg og tek hensyn til kommunar med låge skatteinntekter. Fleirtalet legg til grunn at kompensasjonsgraden og trekkprosenten bør hevast med 5 %.

Fleirtalet i utvalet rår til at selskapsskatten vert avvikla som kommunal inntekt og at den delen av skatten som selskapsskatten utgjør i dag, vert lagt på skatt frå personlege skatteytarar. Utvalet rår vidare til at det vert gjeve eit veksttilskot til kommunar som har ein folketalsauke som er høgare enn det doble av veksten for landet i gjennomsnitt dei 3 siste åra. Det vert vidare rådd til at skjønssramma vert redusert ved mellom anna å overføre midlar til veksttilskotet.

Vurdering:

Lindås kommune mottok i 2007 rammeoverføringer frå staten og inntekter på skatt og formue på om lag 380 mill kroner. Av dette utgjør skatt på formue og inntekt i underkant av 260 mill kroner, ei positiv inntektsutjevning på ca. 14 mill kroner og selskapsskatt på i overkant av 7 mill. Restbeløpet er knytt til innbyggjartilskotet på 96 mill kroner og nokre overgangsordningar.

Inntektssystemet er komplisert. Systemet har som mål å sikra at kommunane kan gje sine innbyggjarar eit likeverdig tenestetilbod uavhengig av kvar dei bur. På den andre sida er det viktig med ei forankring mellom dei som betaler skatt, lokale beslutningsnivå og brukarane av tenestene.

Kommunenenes sentralforbund har gjort utrekningar for alle kommunane i regionen. Lindås kommune vil ut fra desse tala tena om lag 3 mill kroner pr år på korrigert modell for inntektsutjevninga og fjerning av selskapsskatten. Når det gjeld selskapsskatten, så har Lindås kommune dei siste åra hatt store variasjonar i denne utan det har lukkast oss å få innsyn i bakgrunns materialet for desse variasjonane. Selskapsskatt kan ha store variasjonar frå eitt år til eitt anna og er lite eigna til å finansiera sentrale velferdstilbod.

Eit veksttilskot vil kunna slå positivt ut om Lindås kommune kjem opp på ein stabil relativt høg folketalsauke. Utrekningane syner at dei fleste kommunane rundt Bergen allereie i dag vil tena på eit slikt tilskot. Rådmannen meiner kravet til vekst er sett noko høgt – og at også kommunar som har ein vekst i underkant av dette må verta omfatta av denne ordninga. Fleire kommunar med høg vekst må sikrast ressursar til å dekkja kapitalkostnader i samband med nye investeringar i infrastruktural.

Eigedomsskatten er ikkje ein del av inntektssystemet for kommunane i dag. Sjølv om dette ikkje er handsama i høyringsutkastet, vil rådmannen rå til at dette vert presisert i høyringsutalen.

Utover dette meiner rådmannen at det er eit viktig moment som burde vore handsama. Staten styrer generelt kommunane gjennom ei ramme til kommunesektoren. Inntektssystemet fordeler denne ramma kommunane imellom. Rådmannen vurderer det slik at inntektsutjevninga og andre tilskot er med å sikre ein kommunestruktural med mange små einingar med ineffektiv drift – spesielt knytt til høge administrasjonskostander. Dette vert gjennom inntektssystemet betalt av kommunane i fellesskap – og medfører eit samla svekka tenestetilbod for innbyggjarane.

Rådmannen gjer slikt framlegg til høyringsuttale:

Lindås kommune ser positivt på dei forslag til forbetringar av inntektssystemet for kommunane som er lagd fram av Sørheim-utvalet.

Lindås kommune meiner at avviklinga av kommunal selskapsskatt og auka inntektsutjevning vil gje ei meir trygg finansiering av det kommunale velferdstilbodet. Selskapsskatten viser store variasjonar mellom år – og det har ikkje vore mogleg å få informasjon om bakgrunntala for desse variasjonane.

Lindås kommune meiner kravet til vekst er sett noko høgt for å få eit veksttilskot – og at også kommunar som har ein vekst i underkant av dette må verta omfatta av denne ordninga. Fleire kommunar med høg vekst må sikrast ressursar til å dekkja kapitalkostnader i samband med nye investeringar i infrastruktural.

Lindås kommune legg til grunn at eigedomsskatten framleis vil vera ein friviljug kommunal skatt som ikkje inngår i inntektsutjevninga.

Inntektssystemet jevnar ut inntektsskilnader mellom kommunane. Men systemt medverkar også til å oppretthalda ein fragmentert kommunestruktur med høge gjennomsnittlege administrasjonskostnader.

Handsaming i Formannskapet - 17.01.2008

Framlegg frå A. Valle, Sp:

Framlegg om å ta bort siste avsnitt i rådmannen sitt framlegg.

Framlegget fekk 2 røyster (A. Valle, Sp og O. Kristiansen, V) og fall

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Uttale i Formannskapet - 17.01.2008

Lindås kommune ser positivt på dei forslag til forbetringar av inntektssystemet for kommunane som er lagd fram av Sørheim-utvalet.

Lindås kommune meiner at avviklinga av kommunal selskapsskatt og auka inntektsutjevning vil gje ei meir trygg finansiering av det kommunale velferdstilbodet. Selskapsskatten viser store variasjonar mellom år – og det har ikkje vore mogleg å få informasjon om bakgrunntala for desse variasjonane.

Lindås kommune meiner kravet til vekst er sett noko høgt for å få eit veksttilskot– og at også kommunar som har ein vekst i underkant av dette må verta omfatta av denne ordninga. Fleire kommunar med høg vekst må sikrast ressursar til å dekkja kapitalkostnader i samband med nye investeringar i infrastruktur.

Lindås kommune legg til grunn at eigedomsskatten framleis vil vera ein friviljug kommunal skatt som ikkje inngår i inntektsutjevninga.

Inntektssystemet jevnar ut inntektsskilnader mellom kommunane. Men systemt medverkar også til å oppretthalda ein fragmentert kommunestruktur med høge gjennomsnittlege administrasjonskostnader.